



Kven skriv du til?

Da Utlendingsnemnda (UNE) stilte seg sjølv dette spørsmålet, vart det fart på klarspråksarbeidet. Vinnaren av statens klarspråkspris 2018 rår andre fagorgan til å tenkje nøye over målgruppene sine.

AV SIGRID SØRUMGÅRD BOTHEIM

I eit møterom hjå UNE sit seniorrådgjevar Tonje Bruun og kommunikasjonsdirektør Bjørn Lyster saman med lærar Pablo Paulsen, fotballsjef Jan-Ole Jansen og lege Sara Strøm. Dei to fyrste er to av pådrivarane bak UNE sitt klarspråksarbeid. Dei tre siste er pappfigurar som står oppstilte bak sofaen for å minne dei tilsette i UNE om kven som skal forstå tekstane deira, nemleg norsktalande utan juridiske forkunnskapar.

– Det skjedde noko magisk da vi definerte denne målgruppa, og andre strukturelle og språklege spørsmål fall på plass av seg sjølv, fortel Bruun.

– Vil du seia at det å tenkje på målgruppene er viktigare enn oppbygginga av ein tekst? skyt Lyster inn.

– Ja, det eine følgjer det andre. Det blir

lettare å byggje ein tekst når du ser for deg kven du skriv til, svarar Bruun.

Vanlege folk må kunna forklare

UNE er klageinstansen for utlendingssaker og statsborgarsaker. Alle saker som hamnar her, har fyrst vore til handsaming hjå Utlendingsdirektoratet (UDI). Det betyr at UNE i stor grad skriv til menneske som ikkje har norsk som morsmål. Men det er for ressurskrevjande for UNE å omsetja vedtaka til mange andre språk. Difor formulerer UNE vedtaka slik at personar i nettverka rundt klagarane kan forstå og forklare kva som står. Støttespelarane kan vera tilsette på asylmottak, norske familiemedlemmer, arbeidsgjevarar, vennar, lærarar eller andre ressurspersonar. ▶

Meld deg på PLAIN-konferansen nå

Bli med på den internasjonale klarspråkskonferansen PLAIN 25.-27. september 2019 i Oslo sammen med kollegaer fra hele verden.

Temaet for konferansen er resultat og virkninger av klart språk. Foreløpig program og påmeldingsinformasjon finner du på plain2019oslo.org.

Språkrådet og Difi er vertskap sammen med klarspråksorganisasjonen Plain Language Association International (PLAIN).



– Dei tre personane vi har visualisert, er realistiske støttespelarar med ulik kunnskap. Legen Sara er oppteken av internasjonale spørsmål og har nok best føresetnader for å forstå det juridiske, medan Pablo har kjent prosessane på kroppen. Fotballsjefen har litt tilfeldig kome borti fleire typar utlendingsaker, og han synest sakene er unødige kompliserte, fortel Bruun.

Tidlegare var det uklart kven som var hovudmålgruppa for vedtaka frå UNE. UNE skreiv med tanke på både klagaren, advokaten, UDI, rettsapparatet, domstolane og eigne kollegaer. Det rådde ein kultur der vedtaka ikkje vart sett på som kommunikasjon, men som dokumentasjon, seier Lyster.

– Formelt sett var alt riktig, men vi tenkte ikkje at nokon særskilde skulle forstå teksten og bruke han til noko. Nå har vi ei heilt anna innstilling.

Viktig å unngå misforståingar

I grunngevinga for klarspråksprisen 2018 trekte juryen fram UNEs arbeid med målgruppene: «Vinnaren har sikta seg nøye inn på målgruppene sine, og har gjort seg gode refleksjonar anten dei skriv til advokatar eller mannen i gata.» Juryleiar Audhild Gregoriusdotter Rotevatn seier at UNE har lykkast svært godt med analysane sine.

– Det er viktig å veta kven du snakkar til, det avgjer kva språk du brukar. Når ein fagperson snakkar med ein annan fagperson, vil ho bruke eit anna språk enn når ho snakkar med ein utanforståande.

Rotevatn seier at UNE har forstått at det ofte finst ein uformell part i kommunikasjonen mellom nemnda og klagarane, og innretta seg etter det. Sjølv om dei norsktalande støttespelarane ikkje er mottakarane av vedtaka, er det ofte dei som formidlar innhaldet til den vedtaket gjeld.

– Det er ekstra viktig at det er minst mogleg risiko for misforståingar når det kjem inn ein tredjeperson i kommunikasjonen. UNE unngår juridiske for-

mulingar så langt det lèt seg gjera, og brukar eit språk det er mogleg å forstå.

Klarspråk svekkjer ikkje presisjonen

Klarspråk har vorte ein naturleg del av arbeidet i UNE, men før det kom så langt, var det ein del motstand mot språkarbeidet. Somme har meint at klarspråk ikkje lèt seg kombinere med den juridiske skrivetradisjonen, og at det vil øydelegge den juridiske måten å bygge opp eit vedtak på. Difor er Bruun og Lyster glade for at dei har fått positive tilbakemeldingar frå fleire advokatar.

– Vi kan skrive enklare og samtidig halde på den juridiske presisjonen. Når sakene våre har vore oppe for retten, har advokatar sagt at det har vorte enklare for dei òg. Vi har vunne mykje utan å tapa noko, seier Lyster.

UNE opererer i eit komplisert sakfelt og handsamar vanskelege saker. Å bruke eit enklare språk er ikkje det same som å gjera det kompliserte enkelt, held Lyster fram.

– Vi kan ikkje trylle eller jukse, vi kan ikkje gjera det enklare enn det er. Men vi kan alltid prøve å gjera sakene enklare å forstå.

– Samtidig kan vi ikkje gøyme oss bak eit komplisert regelverk. Av og til er essensen enkel, seier Bruun.

Ynskjer seg klarspråk i lovverket

UNE har gjort mykje for å endre språket internt i organisasjonen. Dei har blant anna ei eiga målgruppe som har endra tekstmalane. Nå ynskjer Tonje Bruun og Bjørn Lyster seg litt draghjelp utanfrå.

– Klarspråk bør inn i lov- og forskriftsarbeid. Det er departementa som har ansvar for forskriftene og som foreslår lovtekstar for Stortinget. Dersom fagdepartementa blir betre på klarspråk, vil det vera ei kjempehjelp for oss som jobbar i dei ytre, utøvande instansane.

Lyster og Bruun meiner forslaget til ny forvaltningslov, som inneheld språklege krav, vil vera eit stort framsteg.

– Det vil understreka at klarspråk ikkje er eit valfag. ●

«Vinnaren har sikta seg nøye inn på målgruppene sine, og har gjort seg gode refleksjonar anten dei skriv til advokatar eller mannen i gata.»

JURYLEIAR AUDHILD GREGORIUSDOTTER ROTEVATN

Felles løsnings krever felles begrepsforståelse

Skatteetaten, Nav og Statistisk sentralbyrå (SSB) står bak a-ordningen, en felles løsning som samordner innrapportering av opplysninger om inntekts- og arbeidsforhold. Opplysningspliktige, som før måtte fylle ut fem ulike skjemaer, kan nå rapportere alt på ett sted elektronisk.

Fagbegreper defineres ofte ulikt, og det må gjøres et grundig koordineringsarbeid om felles løsninger i offentlig sektor skal fungere godt. Da a-ordningen ble innført, måtte de tre etatene forsøke å harmonisere mange av begrepene sine slik at de ble forstått helt likt. Begrepsarbeidet foregikk i arbeidsmøter der både jurister og fagpersoner fra de tre ulike etatene var involvert.

Det tre etatene samordnet begrepene på tre ulike måter:

1 Harmoniserte begreper

Etatene ble enige om én felles forståelse av begreper. Eksempel: begrepet *inntekt*, der de andre etatene tilpasset seg til skatteetatens definisjon.

2 Etatsspesifikke begreper

Etatene ble ikke enige, men ulikhetene ble avklart og tydeliggjort. Eksempel: begrepet *arbeidstaker*, som har to ulike definisjoner.

3 Nye begreper

Etatene opprettet helt nye fellesbegreper. Eksempel: *opplysningspliktig* og *inntektsmottaker*.

Språkrådet samarbeider med flere offentlige organisasjoner om å revidere forvaltningsstandarden for begrepskoordinering. Standarden skal være en hjelp til å samordne begrepene i offentlig forvaltning.

Du kan lese mer på sprakradet.no/begrepskoordinering.



Foto: Hivolda

Kaffekur mot byråkratknott

Merkelig nok kan det være lettere å skrive bakvendt og omstendelig enn enkelt og greit. Er emnet abstrakt og innfløkt, kan det være vanskelig å vurdere om en setning er for kronglete. Hvordan ser vi om setningen bør skrives om? Vår til nå hemmelige lakmustest går ut på å erstatte nøkkelordet med et mer konkret og prosaisk ord, nærmere bestemt «kaffe».

Bruk fantasien og tilpass resten av setningen. Hvis setningen virker komisk med kaffe som tema, var den trolig oppstyltet før. Her er noen eksempler på problemer som skriker etter «kaffeerstatning».

Dobbeltematisering

«Når det gjelder *x*, er dette/denne/disse ...»

Når det gjelder kostnadene, må disse deles.

► *Kostnadene må deles.*

Prosaisk parallell:

Når det gjelder kaffen i kruset, var denne sterk.

► *Kaffen i kruset var sterk.*

Forbehold: «Når det gjelder» kan være god tekstbinding, men den bør følges opp på en annen måte. Hovedproblemet ovenfor er at «disse» bare er en repetisjon av «kostnadene». I eksempelet under innfører vi pronomenet «vi», og da går det bedre: *Når det gjelder **kostnadene**, er det viktig at **vi** ...*

Uklare henvisninger og feilkoplinger

«Saken gjelder *x*, der/hvor dette ...»

Punktet gjelder **fordeling** av nye stillinger **hvor dette ikke allerede er avgjort** gjennom budsjettbehandling.


► Punktet gjelder **fordeling** av nye stillinger **som ikke allerede er fordelt** gjennom budsjettbehandling.

Prosaisk parallell:

Punktet gjelder **skjenking** av kaffe **hvor dette ikke allerede er unnagjort til frokost.**

► Punktet gjelder **skjenking av kaffe som ikke er servert** ved frokosten.

Kommentar: Her mangler henvisningsordene «hvor» og «dette» skikkelig feste til venstre i setningen. Slike syntaktiske brister er vanskeligere å oppdage når emnet er abstrakt og formelt.



Dobbelobservasjon

«Når vi ser på *x*, viser *x* / ser vi at *x* ...»

Når vi ser på statistikken, viser denne at antall publikasjoner har minket.

► **Statistikken viser at antall publikasjoner har minket.**

Prosaisk parallell:

Når vi ser på kaffen, viser den at det er brukt færre mål kaffe enn før.

► *Kaffen er tynnere enn den pleier å være..*

Forbehold: Unntaksvis kan tekstbinding av dette slaget være nyttig, f.eks. når vi vil knytte en kommentar til opplevelsen: «Når vi ser på kaffen, blir vi rystet av hvor tynn den er.»

Substantivsyke med «foreligging» o.a.

«*X* anses å foreligge»

Utsending av arbeidstaker anses også å foreligge

når en norsk virksomhet sender en arbeidstaker til et annet land innenfor EØS-området.

► **En arbeidstaker anses som utsendt** også når en norsk virksomhet sender ham eller henne til et annet land innenfor EØS-området.

Prosaisk parallell:



Ferdigbrygging av kaffe anses å foreligge.

► *Kaffen anses som ferdigbrygget.*

► *Kaffen er klar.*

Forbehold: Ikke all substantivbruk er substantivsyke. Om man bør skrive «Kaffebrygging er ikke hans sterke side» eller «Han er ikke god til å brygge kaffe», kommer an på stil og sammenheng. Hvis kaffebryggingen må nevnes først (tematiseres), bør man bruke nettopp verbalsubstantivet.

Returadresse:
Språkrådet
Postboks 1573 Vika
0118 Oslo



SPRÅKTIPS

Spørsmål

Heter det «kontorer» eller «kontor» i flertall på bokmål? Og hva med «abonnementer» eller «abonnement»?

Svar

«Kontor» og «abonnement» hører til ei stor gruppe intetkjønnsord som har to tillatte flertallsformer på bokmål, *-er* eller ingen endelse.

Både «kontor/abonnement» og «kontorer/abonnementer» er altså korrekte former. Ordgruppen er markert med den grammatiske koden *n3* (der *n*-en står for *nøytrum*, altså intetkjønn) i *Bokmålsordboka*. Man kan klikke på koden for å få opp alle tillatte bøyingsmønstre.

De to andre hovedgruppene av intetkjønnsord i bokmål er markert med kodene *n1* og *n2* i ordboka. Gruppe *n1* har *aldri endelse* i flertall (f.eks. «tilsyn – tilsyn»). Gruppe *n2* har *alltid endelse* i flertall (f.eks. «jordskifte – jordskifter»).

Spørsmål

Eg arbeider med ein strategi for gjennomføring av arrangement i kommunen. Fleire andre kommunar gjer det same, men eg ser at dei stavar ordet ulikt. Difor spør eg dykk om det heiter «arrangementsstrategi» eller «arrangementstrategi».

Svar

Toledda samansetningar med «arrangement» som førsteledd får til vanleg binde-*s*, slik vi kan sjå i ord som «arrangementskomité» i *Nynorskordboka*. Difor bør du skrive «arrangementsstrategi».

Sitatet

I forhold til er åpenbart en uimotståelig fristelse for alle som ikke vet hva de skal si, men som sier det likevel.

FINN-ERIK VINJE

Drøymemann eller draumemann?

Spørsmålet er ikkje heilt enkelt, for substantivet *draum* og verbet *drøyme* ligg svært nær kvarandre i innhald. Nokre samansetjingar bør opplagt ha substantivet som føreledd, t.d. *draum(e)tydar* og *draum(e)laus*.

Ein *draumetydar* er ein 'person som tyder **draumar**', medan *draum(e)laus* tyder 'utan **draumar**'. Men er du *drøymesjuk*, har du 'hug til å **dagdrøyme**'. Her ligg verbet nærast.

Det ser ut til at *draum(e)-* er noko vanlegare i samansette ord enn *drøyme-*. I *Nynorskordboka* finn vi mellom anna *draum(e)verd*, *draum(e)liv*, *draum(e)slør*. Ordboka opplyser at *draum(e)-slott/drøymeslott* og *draumeland/drøymeland* er valfrie former.

Det finst mange moglege samansetjingar, og ofte kan det vere hipp som happ kva ein vel. Til dømes kan *draumemannen* vere 'han som dukkar opp i ein **draum**', medan *drøymemannen* kan vere 'han ein **drøym**er om'. Det er ikkje same ordet, men kanskje same mannen?

SPRÅKEGGET

– sakset fra et tidsskrift:

Jeg sonderer i et ullent terreng.

Han skulle nok ha fulgt den lodne landevei!

Forslag til forvaltningslov med språkkrav

Forslaget til ny forvaltningslov inneholder blant annet en bestemmelse som pålegger forvaltningen å bruke «et språk som er klart, presist og så vidt mulig tilpasset mottakeren».

Under utdelingen av klarspråksprisene tidligere i vår sa kommunal- og moderniseringsminister Monica Mæland at formålet med den aktuelle paragrafen i forvaltningsloven er å gjøre det enkelt for folk å forstå innholdet i henvendelser fra det offentlige; innbyggerne skal ikke trenge veiledning eller profesjonell juridisk hjelp til dette. I NOU-en peker forvaltningslovutvalget på at klart språk er viktig i all forvaltningsvirksomhet, og at klart språk er vesentlig for folks tillit til forvaltningen.

Sverige har en tilsvarende paragraf i sin språklav, som feirer tiårsjubileum i år: «Språket i offentlig verksamhet ska vara vårdat, enkelt och begripligt.» Ifølge Språkrådet i Sverige har lovkravet gitt arbeidet med klarspråk høyere status.